

Årsmelding for Haus sokneråd 2021.

Haus sokneråd har i 2021 vore samansett slik: Madli K Hannisdal; leiar. Inge Sørheim; nestleiar. Wenche Rivenes Antun; kasserar, Helga Lone; styremedlem og representant i fellesrådet og trusopplæringsrådet. Kristine Aasheim, styremedlem. Agnar Vatlé; styremedlem. Sokneprest Stein Hugo Fykse. Magrete Ådland; 1. vara. Rita Vatlé 2. vara.

Soknerådet har hatt 7 møter i 2021.

Viktige saker vi har jobba med: Praktiske oppgåver knytta til gudstenestene med medliturg/tekstlesar og kyrkjevertar. På grunn av strenge smitterestriksjonar har det vore viktig å ha 2 kyrkjevertar på kvar gudsteneste både for registrering og plassering. I starten av mai hadde vi og bispevisitas og fleire av samlingane var i Haus. Under bispevisitasen blei vi gjort kjent med at Haus prestegard, var blant dei prestegardane som var aktuell å leggja ut for sal. Dette har vore ei sak som soknerådet har valt å prioritera høgt å jobba med. Vi har hatt eit interimstyre som har følgd opp saka blant anna med møte med ulike lag og organisasjonar der vi drøfta evt muligheiter for å kunna overta den dersom den blei lagt ut for sal. I begynnelsen av oktober blei det vedtatt at Haus prestegard skulle overførast frå OVF og likevel forbli i Den norske kyrkja sitt eige.

Vi har og arbeidd med eit høringsutkast frå sentralt hald der det var forslag om total omorganisering av arbeidsgjevarrolla innan Den norske kyrkja, deriblant samanslåing av fleire fellesråd til eit sentralt prostifellesråd. Dette har heldigvis møtt sterk motstand over heile landet som igjen betyr at vi får behalda dei kommunale, lokale kyrkjelege fellesråda.

Vi har og hatt oppe som sak å drøfta samanslåing av dei 5 sokneråda på Osterøy til eitt felles sokneråd og fellesråd etter at dette blei teke opp på bispevisitasen frå biskopen.

Elles har vi måtta avlysa gudstenester på våren og konfirmasjonsgudstenestene blei utsette til september. Både julekonsertar og julefest blei også avlyst på grunn av pandemien.

Årsrapport – trusopplæring i Haus sokn 2021: 2021 har vore eit utfordrande år å driva trusopplæring, med ulike grader av smitteverntiltak. Smittevernreglar med avgrensing i deltakartal og fysisk avstand er ikkje heilt enkelt å gjennomføra. I dei fleste tiltak deltar barn frå fleire kohortar, sidan dei ikkje går i same barnehage eller skule. Samtidig blir ein oppfordra til å oppretthalda fritidstilbod til barn og unge. Stadig nye problemstillingar har dukka opp, alt etter gjeldande reglar. Smittevern krev mykje energi og endå meir førebuing.

Erfaringar med nye møtepunkt, omorganisering og alternative tiltak i 2020 har samtidig vore med på å vidareutvikla TOL-tiltaka våre. Nokre tiltak har blitt endra, slik at dei kan gjennomførast med nokså strenge smittevernreglar. Eksempel: tårnagenthelg og dåpsskulen. Koronateamet i kommunen har vore ei god støtte i arbeidet med å sikra smittevern.

Dåpsskulen blei omorganisert og gjennomført som ei kyrkjevandring med stopp på 5 stasjonar i Gjerstad kyrkje. Barna kom saman med ein vaksen og evt. familiemedlemmer. Saman med sin kohort, gjekk dei ei løype gjennom kyrkja, med stopp ved kvar stasjon. Utgangen var i den andre enden av kyrkja.

Tre tårnagenthelger blei gjennomførte etter ny modell: uteaktivitet, oppdrag på stasjonar i kyrkjerommet og tårntur i små grupper. Dette gjeld Bruvik-, Hosanger- og Hamre kyrkje.

Også i 2021 har Babysong fått svært god respons. 39 babyar har vore innom dette året. Dei fleste av desse har gått fast på babysong. Behovet for sosial kontakt er stort blant småbarnsforeldre, særleg

når mange andre aktivitetar er stengde. Babysongtilbodet er framleis i kyrkjelydshuset i Haus, sidan dette lokalet er det største me har. Påmelding måtte stoppast i nokre periodar. Fleire har stått på venteliste, men alle har fått plass etterkvart som der blei ledige plassar. Fleire deltakarar frå Haus møter opp, etter at tiltaket blei flytta til kyrkjelydshuset.

Småbarnsong er også flytta til lokalet i Haus, for å ivareta smittevernkrava om avstand. Interesse er aukande også for dette tiltaket og det blei sett ei grense på 20 deltakarar denne hausten.

Konfirmasjonar og oppstart med nye konfirmantar blei utsett til september. For å unngå stadige endringar i organiseringa, blei undervisninga for dei nye konfirmantane gjennomført i grupper i soknekyrkjene. I september blei felles «Kick Off» med Thor Haavik og team i Haus kyrkje ein spenstig start på konfirmantåret. Konfirmantlærar dei to siste åra har vore Hilde Helene Trovåg frå Biskopshavn.

Med få tilsette innan trusopplæring, er samarbeid med sokneråda og frivillige medarbeidarar svært viktig. Dette året har me saman opplevd å få gjennomføra fleire tiltak etter ny organiseringsmodell. Nokre nye, frivillige medarbeidarar er også komne til. Dette er gledeleg!

Alder	Gjennomførte og avlyste trusopplæringstiltak i 2021:
0-1 år	Babysong har hatt 27 samlingar i 2021, som tilbod til babyar frå alle sokna våre. Totalt har 39 babyar deltatt. Deltakarar frå Haus sokn: 7 stk. (78%)
1 år	Faddergåva: På dåpsdagen får ein av fadrane utdelt ei bønnebok for barn, som fadderen skal overrekkja barnet på 1-års dåpsdag. Alle dåpsbarn får denne gåva.
2 år	Trill & Trall m/utdeling av 2-årsbok blei gjennomført i Hosanger, men ikkje i Haus p.g.a. manglande påmelding. Ingen deltakarar frå Haus i år.
3 år	TOL-gåve/småbarnsong: Døypte 3-åringar fekk i år eit aktivetshefte tilsendt i posten. Dei fekk samtidig invitasjon til småbarnsong (3-5 år) i kyrkjelydshuset 1 tysdag/mnd. Totalt har 23 barn møtt fram i løpet av året. Ein 3-åring frå Haus har deltatt.
4 år	4-årsbok: 4-åringane har eiga samling ein laurdag fekk utdelt 4-årsbok på gudsteneste i kyrkja si. Frammøte i Haus: 4 barn (36%).
5 år	Klovnane Tipp og Topp i Hosanger kyrkje blei gjennomført med 110 frammøtte. 5-åringane var spesielt inviterte. 3 5-åringar frå Haus blei registrerte (21%). Barn i andre aldersklassar møtte også. Barnekoret på Valestrand deltok med song på arrangementet.
6 år	Heilt førsteklasses m/6-årsbok: Ved skulestart får 1.klassingane tilbod om ei samling i kyrkja. I år blei samlinga gjennomført ein søndag formiddag i Gjerstad kyrkje og same ettermiddag i Hamre kyrkje. Deltakarar frå Haus: 2 stk. (13%).
7 år	Dåpsskulevandring i Gjerstad kyrkje. Nytt, koronatilpassa opplegg. Totalt deltok 6 barn. 2 av desse høyrer til Haus sokn (29%).
8 år	Tårnagenthelg: P.g.a. koronasituasjonen og avgrensing i deltakartal, fekk ikkje 8-åringar i Haus invitasjon til tårnagentlaurdag i Bruvik kyrkje i februar.

9-10 år	Klatring m/Krik i Osterøyhallen: Avlyst p.g.a. smittevernomsyn.
10 år	Lys Vaken: Opplegget blei gjennomført med overnatting i tre kyrkjer. I Haus blei både 10- og 11-åringane inviterte, sidan Lys Vaken blei avlyst i 2020. Deltaking: To 10-åringar (29%) og fem 11-åringar (63%) frå Haus. Ein 11-åring frå Bruvik (50%).
11 år	Kode B: Avlyst p.g.a. smittevernomsyn.
14 år	Informasjonsmøte om konfirmanttida: blei gjennomført i kvar enkelt kyrkje, bortsett frå i Bruvik der me ikkje har konfirmantar i år. Konfirmantane hadde først samling. Deretter møtte foreldra til informasjonsmøte. Frammøte i Haus: 11 stk. (92%).
15 år	Konfirmasjon: Konfirmasjonane blei gjennomførte i september. 21 (111%) konfirmantar i Haus.
15 – 18 år	Fredagskveld i kyrkjesenteret: Totalt: 14 ungdomar har deltatt dette året. Av desse ungdomane er 2stk. (4%) frå Haus.

Helga Askeland Mjelstad

Diakonalt arbeid: I diakoniutval er desse med: Signe Hannisdal, Berit Berland, Magrete Ådland, Inger Magrete Litland, Gunn Karin Hansen, Marit Skjeldal og Madli K Hannisdal. Pensjonistsamlingane blei starta opp igjen i august etter å ha lagt nede også våren 2021. Vi hadde heller ikkje denne våren misjonsbasar, men overskotet på utlodninga på pensjonistsamlingane våre går til misjonsprosjekta, slik at no er vi godt i gang med å samla inn litt pengar. Før jul var det utdeling av blomar til næraste pårørende som hadde mista nokon av sine. I tillegg har vi fleire frivillige som er med og hjelper til på samlingane, noko vi er svært glade og takksame for.

Kyrkjelydshuset: Husstyret er samansett av desse: Signe Hannisdal og Kristine Aasheim som deler leiroppgåva, Agnar Vatile, Ståle Daltveit og Tor Lone. Sigrid Mjelde er kasserar. Dei gjer ein kjempejobb i forhold til både utleige og å vedlikehalda og ivareta huset. I oktober greidde vi og å avvika basar og fekk inn godt i overkant av 50000 kroner. I tillegg har huset vore mykje utleigd. Kyrkjekontoret brukar og huset mykje til sine arrangement. Vi har og frivillige, gode medarbeidarar utanom som hjelper til med vask og reinhald på dugnad.

Statistikk	2021	2020
Gudstenester	20	16
Tal til stades	961	703
Tilstades pr gudsteneste	48	44
Nattverdsgjestar	214	208
Døypte	9	7
Konfirmerte	20	10
Vigde	2	0
Gravlagde	14	10
Innmeldte	0	0
Utmelde	2	0
Ofringar	23756	19153

Takk til alle som og dette året har stått på i arbeidet for kyrkja vår både i og utanfor soknerådet.

Haus, 07.03.2022

Madli Kvamme Hannisdal (leiar Haus sokneråd)

KYRKJEMUSIKK 2021 – Trent Bruner og Ivar Mæland

KORONASITUASJONEN

2021 var et krevjande år igjen for kyrkjemusikk på Osterøy på grunn av koronasituasjonen og reglane fra FHI og regjeringen. *Året 21 stod som det meste av 20 i koronaens teikn. Noko langsiktig planlegging av musikalske aktivitetar anten det gjeld musikk ved gudstenester eller konsertar har ikkje vore mogleg.*

GUDSTJENESTE

Streaming av gudstenester har det ikkje vore mykje av gjennom 21, det vil vera ynskjeleg å fylgja opp erfaringane frå det første koronaåret.

I byrjinga av året vart det arbeida med ein felles liturgi for gudstenester i dei fem kyrkjene med nokre endringar til fylgje. Det vart vedteke å innføra hallelujavers før og etter evangelieleasing ved gudstenestene, og Fadervår skal syngjast.

Bispevisitasen som var planlagd tidlegare på året vart gjennomført 4. – 9. mai, avslutninggudstene i Haus vart gjennomført med forsongarar assistert av trompetisten Helge Haukås.

Påske i ord og tonar var avlyst både i 2020 og 2021 på grunn av korona. Konsertar som var planlagde med IMM klasse frå Langhaugen vidaregåande skole og Åsane unge strykarar frå Bergen vart utsett til 2022. Ein korkonsert med Tysnes kammerkor og Songlaget Alvidt Manger, samt ein konsert med Osterøykoret og eit kor frå Estland som var planlagde i Hosanger kyrkje vart utsett igjen på grunn av koronasituasjonen. Våren 2021 med tvungen nedskalering av musikalsk deltaking ved gudsteneste på M/F Ole Bull og 17. mai. Frå 9. desember 2021 var nærare alle musiklag og andre store musikkgrupper tvungne til å avlysa seks konsertar fram mot jul og deltaking på gudsteneste i desember 2021. Dette på grunn av revidert konsertplanlegging i 2021, koronasituasjonen, og reglane frå myndigheitene.

ARBEID I MELLOMTIDA

Men, 2021 var også eit år då fleire konsertar vart presenterte då anledningar kom til oss, både med intimkonsertar og større konsertar. Konsertar som fant stad frå mai til desember inkludert:

Bergen Barokk i Hamre kyrkje (Påskekonsert)

Maria Myklemyr Reite (sopran) med Ivar Mæland (orgel) i Gjerstad kyrkje (Påskekonsert)

Karolina Zjaviona, obo Ivar Mæland, orgel/klaver i Bruvik kyrkje (sommarkonsert)

Anna-Sofie Naurstad, fiolin, Ingrid Reinan, song/fiolin, Ivar Mæland, orgel i Haus kyrkje (sommarkonsert)

Silje Solberg (hardingfele) og Ivar Mæland spelte i Haus og Hosanger kyrkje (Bach og julestykke).

To haustkonsertar gjekk som planlagt i november 2021 med Kammergruppen Reppen i Gjerstad kyrkje og en felleskonsert i Haus kyrkje med Ivar Mæland (piano), Trent Bruner (piano). Songlaget Alvidt Manger (Trent Bruner, dirigent), Osterøykoret (Jon Flydal Blichfeldt, dirigent), Asbjørn Snilstveit fra Birkeland kirke i Bergen (orgel og piano), og Jon Flydal Blichfeldt (cello) presenterte en konsert som var start på ein aksjon for å få eit nytt flygel til Haus kyrkje. Ein Flygelkomite under Haus sokneråd vart stifta for å starte prosessen med å skaffa midlar til å kjøpe nytt flygel. Målet er til å samla inn kr 470. 000,-.

